

Til

Sogn og Fjordane Fylkeskommune

v/fylkesrådmannen

Årsrekneskap 2018 og meirforbruk for Fagskulen. Søknad om inndekking.

Fagskulen i Sogn og Fjordane har dei siste åra hatt ei svært god utvikling, og avdelinga i Førde er no godt etablert i nye lokale. Studenttalet har vore aukande, og ein har etablert eit godt samarbeid med næringsliv og høgskulen.

Flyttinga av avdelinga i Førde har vore svært positiv og medfører også ein reduksjon i driftskostnader for skulen på sikt. Samstundes påførte flyttinga skulen samla ekstrakostnader i 2018 på om lag 2,8 mill, knytt til ombygging Concord, inventar/utstyr Concord/Hellenes og ei periode med dobbel husleige grunna forseinka innflytting. Dette har vore medverkande til eit rekneskapsmessig meirforbruk i 2018 på kr 2.483.456,-.

Etter at styret i januar i år vart gjort kjend med meirforbruket, har det vore tett oppfølging på økonomikontroll, og ein har også nytta ekstern kompetanse for å kvalitetssikre rekneskap for 2018, og for å gjennomgå driftsnivå for 2019. I denne vurderinga bad styret om ei synleggjering av den økonomiske situasjonen ved å ikkje redusere dagens studietilbod. Styret såg det som svært uheldig at ein med aukande studenttal og i inngangen til nytt fylke skulle redusere tilbodet og ynskte ei vurdering av den økonomiske stoda utan slik reduksjon.

Styret har drøfta saka i fleire møte, og hadde sist ein grundig gjennomgang av dette den 26.april der også innleigd rådgjevar var til stades.

Denne gjennomgangen kan kort oppsummerast slik:

• Akkumulert meirforbruk pr 31.12.18	kr	2.483.456,-
Dette er samansett av:		
Meirforbruk frå 2017 (hovudsakleg drift)	kr	709.510,-
Meirforbruk 2018 (hovudsakleg investering)	kr	1.773.947,-

(Viser til vedlagt spesifikasjon )

- Fagskulen si drift pr i dag påfører ikkje skulen ytterlegare meirforbruk for inneverande år.
- Budsjett og prognose for 2019 er stram, men styret vurderer det som realistisk.
- Det er ikkje rom for utviding av tilbodet utan ekstern finansiering.

Styret gjorde vidare slikt vedtak i saka:

1. Styret registrerer at Fagskulen har eit akkumulert meirforbruk på kr 2.483.456,-

Dette skuldast flytting og ombygging av avdelinga i Førde, og ein søker difor fylkeskommunen om inndekning av desse kostnadene.

2. Styret vedtek budsjett for 2019 med totale inntekter på kr 25.726.000 og totale kostnader på kr 25.718.000. Styret meiner budsjett for 2019 er basert på realistiske føresetnader.
3. Fagskulen er inne i ei positiv utvikling med gode søkjartal, og ein ynskjer ikkje å redusere tilbodet.
4. Styret ber administrasjonen om å legge fram skriftlege rutinar for oppfølging av budsjett og prognoser til neste møte, med tydelege fullmakter.
5. Styret gir administrasjonen fullmakt til å nytte ekstern kompetanse for å sikre kvaliteten på prognosearbeidet i 2019.

Styret vil med bakgrunn i dette be om at fylkeskommunen i samband med handsaming av tertialrapport 1 vil vurdere ei inndekking av meirforbruket for 2018, slik at Fagskulen kan vidareføre den positive utviklinga og det studietilbodet ein har i dag.

Førde 03.05.19

For styret i Fagskulen Sogn og Fjordane

  
Gunn Åmdal Mongstad

styreleiar

## Rekneskap 2018 Fagskulen

**Rekneskap**  
9 214 687  
14 970 545  
**24 185 232**

Overføring frå fylke  
Overføring frå stat

### Inntektsramme frå fylkeskommune og stat

Funksjon	
55 401	Styret for fagskulen 68 446
55 402	Administrasjon 1 638 595
55 404	Lokaler og fellesutgifter Førde 3 089 292
55 406	Undervisning Førde 11 870 950
55 410	Lånefinansiert utstyr fagskulen 123 945
55 414	Lokaler og fellesutgifter Måløy 2 294 895
55 416	Undervisning Måløy 7 097 104
59 031	Oppdragsundervisning -107 807
88 002	Resultatoverføring 593 269
<b>Totale kostnader</b>	<b>26 668 689</b>

---

**Meir-/mindreforbruk akkumulert 2018**

Herav:

Meirforbruk 2017 akk.

Meirforbruk 2018

**Akk. Meirforbruk**

	Drift	Investering
	-593 268	-116 242
	-54 669	-1 719 277
	<b>-647 937</b>	<b>-1 835 519</b>

